



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Thomas Møller, 71 25 84 15

Vår dato
02.06.2009
Dykkar dato
22.04.2009

Vår ref.
2009/3331/THMO/421.1
Dykkar ref.

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Høring - Revidert forskrift om konsekvensutgreiingar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgjande innspel til revidert forskrift om konsekvensutgreiingar:

Det kjem i utkastet til revidert forskrift om konsekvensutgreiingar fram at det hovudsakleg er gjort organisatoriske endringar med omsyn til innhaldskrava i (nytt) vedlegg III: *Rammer for krav til innhald i konsekvensutgreiinga*. I tillegg er nokre nye utgreiingstema tekne inn, t.d. risiki ved havstiging.

Dei substansielle krava til innhald i konsekvensutgreiingar blir difor i overvegande grad like dei som er i gjeldande forskrift. For konsekvensar knytt til samfunnstryggleik blir det både for konsekvensutgreiingar for overordna planar og for konsekvensutgreiingar for søknad og planar for tiltak, stilt følgjande krav til innhald:

Konsekvensutredningen skal utarbeides på bakgrunn av fastsatt plan- eller utredningsprogram og i nødvendig utstrekning omfatte: *En beskrivelse av virkningene av planen for bl.a. [...] beredskap og ulykkesrisiko og samvirket mellom disse. [...] (vår uthaving)*.

I ny lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova, plandelen), vedteken 05.06.2008, er det gitt eigne bestemmingar om samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitanalyse jf. § 4-3. Paragrafen i sin heilskap er som følgjer:

§ 4-3. Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta slik analyse. *Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging*. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbygginga i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap (vår uthaving).

Kongen kan gi forskrift om risiko- og sårbarhetsanalyser.

Det vert såleis stilt meir omfattande krav til innhald i risiko- og sårbarheitsanalyser som er utløyst direkte frå § 4-3 i plan og bygningslova enn til dei som blir gjennomført med bakgrunn i krav til innhald i konsekvensutgreiingar. Kravet til innhald i konsekvensutgreiingar (*verknader av planen for ...*) femnar berre om siste delen av kravet i § 4-3 (... *endringar i slike (risiko- og sårbarhets) forhold som følgje av planlagd utbygging*). Kravet til innhald i konsekvensutgreiingar tek ikkje opp i seg ei analyse som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er egna til utbyggingsføremål så lenge desse i seg sjølv ikkje følgjer som ein direkte verknad av planen.

Det er vidare i lovkommentaren til plandelen av ny plan- og bygningslov peika på at for dei planane som blir omfatta av eit særskilt krav til konsekvensutgreiing, jf. § 4-2 andre ledd, vil risiko- og sårbarheitsanalysen som hovudregel inngå som ein del av dei utgreiingane som skal gjennomførast i denne samanhengen. Det vil då kunne opplevast uklart kva krav til utgreiing som gjeld. Slik diskrepans mellom utgreiingsskrava vil også, i verste fall, kunne medføre at ein i planprosessar ikkje avdekker at areal er hefta med risiki som gjer arealet ueigna til utbyggingsføremål.

Det vil i seg sjølv også opplevast som paradoksalt dersom krava til risiko- og sårbarheitsanalyse er mindre omfattande for planar som er underlagt strengare utgreiingskrav, jf. § 4-2 i plan og bygningslova. Vi trur heller ikkje dette er i samsvar intensjonane bak forskrifta.

For å unngå tvil om kva utgreiingskrav som gjeld for planar som blir omfatta av særskilt krav om konsekvensutgreiingar, jf. § 4-2 i plan og bygningslova, meiner vi at kravet til innhald i konsekvensutgreiingar (med omsyn til samfunnstryggleik) også må endrast reint substansielt, slik at dette blir i samsvar med kravet i § 4-3 i plan og bygningslova.

Med helsing



Marit Heggstad (e.f.)
Avd. direktør



Ketil Matvik Foldal
Fylkesberedskapssjef